



Detaljreguleringsplan for E39 Hovden – Osborg

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Vedtaksdato	Vedteken av:
2015001		28.03.2019	Ørsta kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

Plangrensene er vist på reguleringskartet 2015001-01B og 2015001-02B, sist revidert 12.03.2019.

§ 1 AVGRENSING OG FORMÅL

1.1 Planavgrensning

Reguleringsplanen omfattar reguleringskart i målestokk 1:1000, reguleringsføresegner og planomtale. Regulert område er vist med reguleringsgrense på reguleringskartet. Reguleringsføresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensene.

1.2 Planen sitt føremål

Føremålet med reguleringsplanen er å avklare plassering og utforming av gang- og sykkelveg, tilkomstveg, kryssingspunkt, busslommer, støytiltak og tilgrensande areal.

1.3 Arealføremål

Området er regulert i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 12-5 til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (pbl § 12-5, nr. 1)

- Bustader frittliggande småhus, BFS
- Forretningar, BF

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg, SKV
- Fortau, SF
- Gang- og sykkelveg, SGS
- Køyrlar gang- og sykkelveg, SKF
- Annan veggrunn – teknisk anlegg, SVT
- Annan veggrunn – grøntareal, SVG
- Kollektivhaldeplass, SKH

Grøntstruktur (pbl § 12-5, nr. 3)

- Turdrag, GTD
- Friområde, GF

Landbruks-, natur og friluftsmål (pbl § 12-5, nr. 5)

- Landbruksformål, LL

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5, nr. 6)

- Naturområde, VN
- Friluftsområde i sjø og vassdrag, VFS

1.4 Omsynssoner

Innanfor området er det sett av omsynssoner etter pbl § 12-6 som følgjer:

- Faresone, H370 (pbl §11-8, bokstav a)
- Bandlegging etter energilova, H740 (pbl §11-8, bokstav d)
- Vidareføring av reguleringsplan (H910) (pbl §11-8, bokstav f)

1.5 Områdeføresegner

Innanfor området er det sett av område med områdeføresegner etter pbl § 12-7 som følger:
- Anleggs- og riggområde (#)

§ 2 FELLESFØRESEGNER

2.1 Generelt

- a) Køyreveg, fortau, gang- og sykkelveg og kollektivhaldeplassar skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar med material av god kvalitet og ha ei estetisk god utforming.
- b) Faseplan for gjennomføring av tiltaket skal ligge føre før igangsetting.
- c) Nytt veganlegg skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng, slik at sideområda får ei estetisk god utforming og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg.
- d) Belysning skal vere i samsvar med vegnormalen og dokumenterast med lysberekning.
- e) Det skal utarbeidast YM-plan som avklarar korleis nærmiljø og naturmiljø skal ivaretakast.
- f) Ved behov skal det utarbeidast plan for handtering av framande planteartar i anleggsperioden for å fjerne og hindre spreiding av artane.
- g) Matjord og andre vekstmassar i område som blir rørt av utbygginga (inkludert mellombels rigg- og anleggsområde), skal takast av. Matjord og andre vekstmassar som skal brukast til tilbakeføring av området kan mellomlagrast i tiltaksområdet i opp til to meter høge rankar. Eventuell ny jord som blir tilført anlegget skal tilfredsstillast krav i Handbok R761 – Prosesskode 1.
- h) Tilbakeført areal skal ha ein jordstruktur og dreneringsstaus som sikrar produksjonsevna til arealet. Utbygginga må gjennomførast på ein måte som minimerer/reparerer jordpakking, og hindrar innblanding av stein i dyrkingslaga. Matjord- og ev. strukturlag som blir fjerna for mellomlagring og tilbakeføring skal vere lagra kvar for seg, og bli lagt ut att i rett rekkefølge.

2.2 Støy – støyskjerming

Føringane om støy i anleggsperioden (kapittel 6) og føringane for miljø- og trafiksikringstiltak i «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)» skal ligge til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen.

Det skal byggast ein 3 meter høg støyskjerm nord for E39 frå profil 6360 til 6700 som vist i plankartet. Støyskjermen skal være absorberande. Støytiltak skal ferdigstillast samtidig med dei andre tiltaka i reguleringsplanen for aktuell delstrekning.

2.3 Universell utforming

Prinsippa for universell utforming skal nyttast for alle gangareal og areal for kollektivtrafikk i samsvar med gjeldande krav og retningslinjer. Statens vegvesen si handbok V129 «Universell utforming av vegar og gater» er lagt til grunn for utforming av reguleringsplanen.

2.4 Byggjegrænse samt avkøyrslar til offentleg veg

Byggjegrænse langs veg følger av veglova § 29 andre ledd, der ikkje anna er vist i tilgrensande planar.

Det kan ikkje knytast til andre kryss eller avkøyrslar enn dei som er vist på plankartet. Avkøyrslar frå E39 skal byggjast og drivast i samsvar med gjeldande vegnormal (handbok N100 «Veg og gateutforming») og forskrifter til § 43 i veglova.

2.5 Kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det råkar kulturminnet eller sikringssonen på 5 meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka blir gjort kjent med

denne føresegna. Funn skal straks meldast til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. § 8, 2. ledd i lov om kulturminne.

2.6 Luffartsomsyn

For å hindre farleg eller villeiande belysning ved Ørsta-Volda lufthamn skal tiltakshavar utarbeide ein belysningsplan for planområdet. Avinor skal vurdere og godkjenne planen.

For å hindre at kranbruk kjem i konflikt med hinderflater/høgderestriksjonsflater i restriksjonsplanen for Ørsta-Volda lufthamn skal all bruk av kran innanfor planområdet vere avtala på førehand med kontrolltårnet på lufthamna.

2.7 Frisiktlinjer ved vegkryss

Innanfor frisiktlinje ved vegkryss skal det vere fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøtande vegplan.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

3.1 Bustader frittliggande småhus, BFS

Bustadhusa skal oppførast som frittliggande småhus i ein etasje. Der terrenget etter bygningsrådet sitt skjøn tilseier det, kan bygningsrådet tillate oppført bygning med ein etasje og under-etasje. Gesimshøgda skal ikkje overstige 3,5 m for ein etasjers bygg og 6 m for 2 etasjer. Gesimshøgda målast frå høgastliggjande punkt på tilstøytande ferdigplanert terreng til topp svill.

For kvart einskilt husvære skal det setjast av plass for 1 garasje samt plass for oppstilling av minst 1 bil. Plassering av bilopp-stilling og garasje skal visast på situasjonsplanen som fylgjer med byggjemeldinga for hovudhuset, sjølv om garasje ikkje er tenkt oppført samstundes med hovudhuset. Frittliggande garasjer skal vere tilpassa bustadhuset med omsyn til materialval, form og farge. Felles garasjeanlegg for 2 eigedomar blir godkjent ført opp i nabogrense.

Ubebygd del av tomta skal utformast tiltalande, det er ikkje tillatt å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Bygningsrådet kan krevje einsarta takutforming innan ei bestemt husgruppe eller gatefelt. Gjerde og hekkar langs gater / vegar skal ikkje vere over 0,7 m, ved avkøyrslar 0,5 m.

3.2 Forretning, BF

Bebyggelsen kan maksimalt oppførast i 3 etasjer eller med ei gesimshøgde som ikkje overstig 12 m. Dersom bygningar ikkje blir oppført i full høgde med ein gong, skal byggjemeldinga likevel syne full utbygging og bygningane skal dimensjonast etter dette. Bygningsrådet kan gje løyve til at 2. og / eller 3. etasje vert innreia til bustadføremål. Reine bustadbygg kan ikkje oppførast i områda. Som hovudregel skal takforma vere flat, men der omsynet til heilskapen i kvartalet tilseier det, kan bygningsrådet krevje ei anna takform.

Det skal opparbeidast parkeringsplassar på eigen grunn rekna etter 1 bilplass for kvar 50 m² forretning eller anna servicefunksjon samt på- og avlesing som er naudsynt for eigedomens bruk. Lossing og lasting av varer skal skje på eigen grunn.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Køyreveg, offentleg, o_SKV

Areal merka o_SKV kan nyttast til offentleg køyreveg, vegskulder, kryssområde, oppstillingsfelt og rabattar. Vedlikehaldet av private avkøyrslar skjer i samsvar med pkt. 9 i «Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslar fra offentlig veg».

Vegane skal opparbeidast med linjeføring og breidd som vist på plankartet. Vegane skal ha høgder og vertikalkurvatur som vist på C- og D-teikningar vedlagt reguleringsplanen +/- 1 m.

4.2 Køyreveg - felles, f_SKV

Vegar merka f_SKV er felles private tilkomstvegar. Rettar og plikter knytt til vegen blir regulert etter privat avtale. Vegane skal opparbeidast samtidig med veganlegget elles.

f_SKV1 er felles tilkomst for gnr 50 bnr 1, 3, 5, 6, 17, 51, 53, 55 og 60. Tilknytning til E39 er mellombels i påvente av tilrettelegging av alternativ tilkomst ved regulering og utbygging av område B4 i gjeldande kommuneplan.

f_SKV2 er felles tilkomst for gnr 49 bnr 1 og 4.

4.3 Køyreveg - privat, SKV

Vegar merka SKV er private tilkomstvegar. Vegane skal opparbeidast samtidig med veganlegget elles.

4.4 Gang- og sykkelveg, offentleg, o_SGS

Gang- og sykkelveg skal opparbeidast med linjeføring og breidd som vist på plankartet. Gang- og sykkelveg skal ha høgder som vist på C- og D-teikningar vedlagt reguleringsplanen +/- 1 m. Gang- og sykkelveg skal ha standard i samsvar med gjeldande vegnormalar. Det kan settast opp leskur i tilknytning til kollektivhaldeplassane. For undergangen i o_SKV4 skal tverrsnittet på kulverten ha ei minimumsbreidde på 3 meter og minimumshøgde på 3,0 meter.

4.5 Kjørbar gang- og sykkelveg, offentleg, o_SKF

Areal merka o_SKF gjeld gang- og sykkelveg der køyring knytt til drift av tilliggande landbruksareal er tillate. Vegen skal opparbeidast med linjeføring og breidd som vist på plankartet. Gang- og sykkelveg skal ha høgder som vist på C- og D-teikningar vedlagt reguleringsplanen +/- 1 m. Gang- og sykkelveg skal ha standard i samsvar med gjeldande vegnormalar. For undergangen i o_KF2 skal tverrsnittet på kulverten ha ei minimumsbreidde på 4,5 meter og minimumshøgde på 3,5 meter.

4.6 Fortau, SF

Fortau skal opparbeidast med linjeføring og breidd som vist på plankartet.

4.7 Annan veggrunn - teknisk anlegg, offentleg, o_SVG

Grøfter, skråningar og planeringsareal ligg innanfor dette føremålet. Trapper, rekkverk, murar, støyskjermar kan også plasserast innanfor føremålet. Teknisk infrastruktur som rør, kablar og slukar kan plasserast innanfor føremålet. Innanfor områda kan det mellomlagrast vekstmassar og lausmasser der det er føremålstenleg i anleggsperioden. I tilknytning til kollektivhaldeplassane kan det etablerast sykkelparkering på annan veggrunn. Tal på plassar og utforming må avklarast med vegeigar og kommunen.

4.8 Annan veggrunn - grøntanlegg, offentleg, o_SVG

Område merka o_SVG kan nyttast til skjæring, fylling og grøft langs veganlegget. Teknisk infrastruktur som rør, kablar og slukar kan også vere plassert innanfor arealet. Området skal i hovudsak ligge som urørt grøntareal, men det er tillatte med vegetasjonsrydding og mindre utbetring og rensk av grøfter, skjæring og fylling. Innanfor områda kan det mellomlagrast vekstmassar og lausmasser der det er føremålstenleg i anleggsperioden.

I område SVG4 eller SVG5 kan det etablerast transformatoriosk. Utforming og plassering skal godkjennast av Ørsta kommune.

4.9 Kollektivhaldeplass, offentleg, o_SKH

Det skal vere kollektivhaldeplassar som vist på plankartet. Kollektivhaldeplassane skal opparbeidast i samsvar med gjeldande vegnormalar og etter prinsippa for universell utforming.

4.10 Parkeringsplasser, offentleg, o_SPP

Område merka o_SPP skal nyttast til offentleg parkering.

§ 5 GRØNTSTRUKTUR

5.1 Turdrag, GTD

Område merka GTD skal nyttast til turveg/snarveg mellom Leitevegen og gang- og sykkelvegen langs E39.

5.2 Friområde, GF

Område merka GF skal nyttast til offentleg friområde. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på. Området kan ikkje nyttast til anna enn friluftsføremål utan samtykkje frå staten v/Miljødirektoratet.

6 5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØRMÅL

6.1 Landbruksformål, LL

Områda som er merka med «LL» er sett av til landbruksformål.

§ 7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE

7.1 Naturområde, VN

Det kan gjerast tiltak for å ivareta vassføringa på ein slik måte at flaumfaren er minst mulig. Kantvegetasjon skal så langt som råd ivaretakast. Ved inngrep i området skal området førast tilbake til opphavelig tilstand, eller tilsvarande naturlik utføring.

7.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag, VFS

Det kan gjerast tiltak for å ivareta vassføringa på ein slik måte at flaumfaren er minst mulig. Kantvegetasjon skal så langt som råd ivaretakast. Ved inngrep i området skal området tilbakeførast til opphavelig tilstand, eller tilsvarande naturlik utføring. Område o_VFS1 kan ikkje nyttast til anna enn friluftsføremål utan samtykkje frå staten v/Miljødirektoratet.

§ 8 OMSYNSSONER

8.1 Aktsemdsone - flaumfare, H320

Faresona markerer aktsemdsområde for flaum. Ved tiltak innanfor soner merka H320 skal tiltakshavar sikre at tryggleikskrava i byggtেকnisk forskrift (TEK17) § 7-2 er oppfylt. Tiltak i vassdraga skal dimensjonert for å ta hand om 200-årsflaum inkl. klimapåslag.

8.2 Bandlegging etter anna lovverk, H740

Sone merka H740 er bandleggingssone for høgspenlinje i regionalnettet. Tiltak i sona må rette seg etter reglene i energilova med tilhøyrande forskrifter, og vedtak i medhald av desse. Det kan gjennomførast nødvendig vegetasjonsrydding. Det er ikkje tillate med tiltak som legg til rette for varig opphald innanfor dette området.

Før det blir sett verk tiltak som involverer bruk av høge maskiner eller andre innretningar som kan medføre fare for nærføring med høgspenleidninga skal det vere dialog med netteigar. Arbeidsomfang, varslingsrutinar og anna skal avklarast med netteigar før arbeid kan settast i verk.

8.4 Vidareføring av reguleringsplan, H910

Gjeldande reguleringsplan med føresegnar skal vidareførast uendra.

§ 9 OMRÅDEFØRESEGNER

9.1 Mellombels anleggs- og riggområde (#1):

Mellombelse trafikkområde er areal som kan nyttast i samband med vegbygginga. Areal regulert til mellombels anleggsområde kan også nyttast til mellombels massedeponi. Det kan byggjast mellombelse vegar for avvikling av trafikk i byggje- og anleggsfasen.

Når områda blir tekne i bruk, skal dei vere sikra på forsvarleg måte.

På areala kan det mellombels lagrast massar frå veganlegget og etablerast brakkerigg og lagerområde for anleggsmaskiner og driftsutstyr med plassering til minst mogleg ulempe for omkringliggjande område.

Etter avslutta anleggsperiode og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av veganlegget, skal alle råka område setjast i stand og revegetering skal vere sett i verk. Alle råka areal knytt til veganlegget skal setjast i stand og revegeterast med bruk av eksisterande vekstmassar som blir lagra i anleggsperioden. Mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet eller til sin opphavelige tilstand.

Tilkopling til og omlegging av eksisterande teknisk infrastruktur kan gjerast innanfor området der dette skulle vise seg naudsynt.

§ 10 FØRESEGNER OM REKKEFØLGJE

10.1 Stenging av avkøyrslar og kryss

Avkøyrslar frå E39 vist som stengt med stengesymbol (SOSI-kode 1241) skal stengast når det er etablert alternativ tilkomst, anten ved gjennomføring av planen, eller ved regulering og utbygging av tilgrensande område. Kryss med Skytebanevegen vil bli stengt når Leitevegen blir bygd ut i samsvar med reguleringsplan for Rystemarka. Felles privat tilkomstveg f_SKV1 skal stengast mot E39 når det er etablert alternativ tilkomst ved regulering og utbygging av tilgrensande område (B4 i gjeldande kommuneplan).

10.2 Ytre miljøplan

Før anleggsarbeida blir sett i gong skal det vere utarbeidd ein ytre miljøplan som sikrar at føringar og krav for det ytre miljøet blir ivaretatt på ein systematisk måte ved gjennomføring av prosjektet, jf. avsnitt 10.3 i planomtalen.

Stein Aam
-ordførar-

Wenche Solheim
- rådmann-